

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 01.07.2010
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Val av styre i Helse Førde HF**

Arkivsak
2009/445/
Styresak 083/ 10 B

Styremøte 02.07. 2010

Forslag til vedtak

1. Med verknad frå 9. juli 2010 blir følgjande personar oppnemnt som representantar til styret i Helse Førde HF:
2. Oppnemninga gjeld fram til ordinært val av nye styre i underliggjande helseføretak finn stad i februar 2012.

Oppsummering

Oppnemning av styre i Helse Førde HF skal skje innan utgangen av august 2010. Styret skal i tråd med vedtektene ha sju eigaroppnemnde styremedlemmer. Av desse skal fire medlemmer veljast blant føreslåtte folkevalde kandidatar. Det er gjennomført ei prosess i tråd med dei føringar som er gitt av styret ved behandling av sak 130/09 B og sak 017/10 B, og kommunar og fylkeskommunar i regionen har vore inviterte til å foreslå aktuelle kandidatar.

Endeleg oppnemning av styre skjer i føretaksmøte.

Fakta

Styret i Helse Vest RHF behandla i styresak 025/10 B val av nye styre i underliggjande helseføretak. Styra blei deretter formelt oppnemnde i føretaksmøta i helseføretaka den 19. februar 2010.

Med bakgrunn i den pågåande strategiprosessen i Helse Førde fann styret det ikkje ønskeleg å gjere endringar i styresamansettinga, og ein valde å reopnemna det sitjande styret. Det blei samstundes uttala at eigar ville gjere ei vurdering av om det skal gjerast endringar i styresamansettinga i løpet av august 2010.

Styret i Helse Førde HF behandla i styremøtet 18. juni 2010 sak 037/10 V, Målbilde og modell for somatiske spesialisthelseteneste i Helse Førde HF mot 2020, og saka er ved brev av 28. juni 2010 oversendt Helse Vest RHF for vidare behandling.

Kommentar

Helseføretakslova set rammer for styra sitt ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Samansetting og utnemning av føretaka sine styrer er eit viktig eigarverkemiddel. Føretaka er etablert som sjølvstendige rettssubjekt med ansvarlege styre. I dei fem helseføretaka i regionen er det Helse Vest RHF v/styret – i eigenskap av å vere eigar – som set saman og utnemner styra.

I tråd med føretaksmodellen representerer eigaroppnemnde styremedlem i helseføretak ikkje politiske organisasjonar, geografiske område eller andre interessegrupper. Tilsvarande vil gjere seg gjeldande for eigaroppnemnde styremedlem føreslått blant folkevalde. Desse vil i tillegg til sin individuelle kompetanse bringe med seg sin politiske erfaringsbakgrunn, men den einskilde skal ikkje representere særinteresser i styresamanheng.

Med mange forslagsstillarar og endå fleire kandidatar til eit avgrensa tal styreverv kan ikkje styresamansettinga basere seg på nokon form for representativitet. I arbeidet med å setje saman dei nye styra må ein leggje vekt på dekning av kompetansebehov og kjønnsbalanse. I tillegg må ein sjå til at det i styra blir utpeikt styremedlemmer både etter forslag frå kommune- og fylkesnivå. Det er også ønskeleg at styra reflekterer ei spreiding med omsyn til partipolitisk tilhøyring og geografi.

Styresamansettinga skal vere eit resultat av ein heilskapleg vurdering med sikte på å gi det einskilde styret ein samansetting som inneberer at det samla innehar den kompetanse som er ønskeleg, og som styret gjennom tidlegare vedtak har lagt rammene for.